

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/5611-1

Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - økonomiplan 2019 - 2022

Forslag til uttale:

Innspel til økonomiplan 2019 – 2022:

- For vidaregåande opplæring bør ein unngå segregerte tilbod, slik at alle vert inkludert. Ivareta og legge til rette for alle i vidaregåande opplæring, slik at det vert ei inkluderande og likeverdig opplæring for alle. Retten til opplæringsperiode må vere likt praktisert hos alle dei vidaregåande skulane.
- I folkehelsearbeidet bør det vere eit tilbod for alle.
- Prioritere ungdom, barn og opplæring, slik at kostnadskutta ikkje rammar desse Gruppene.
- Når det vert tildelt midlar frå fylkeskommunen bør det så langs som råd leggst til rette for at kulturarrangementa skal vere tilrettelagte for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Fylkeskommunen må strekke seg langt for at universell utforming er gjennomført slik at kollektive transportordningar, busshaldeplassar og kaier, faktisk og i praksis, er tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne.

Vedlegg:

Informasjon om innspel og prosess

SAKSFRAMSTILLING

Finansutvalet handsama i møte den 7. mars 2018 arbeidsdokument 1/18. Dokumentet er tilgjengeleg på fylkeskommunen si heimeside, www.sfj.no. I punkt 3.2 opplyste fylkesrådmannen at fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skulle bli orientert om prosess, arbeidsdeling og arbeidsplan samt bli invitert til å kome med ev. innspel/merknader.

Då denne økonomiplanprosessen er den siste som eigen fylkeskommune skal økonomiplanarbeidet i hovudsak ha følgjande tilnærming:

- Arbeidsinnsatsen vert retta mot økonomiplanåret 2019
- For åra 2020-2021 er gjeldande økonomiplan utgangspunkt
- Økonomiplanåret 2022 vert ei vidareføring av 2021 justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/slutførte tiltak
- Økonomiske verknader av disposisjonar i 2019 vert innarbeidd for økonomiplanåra 2020-2022.

Eventuelle innspel/merknader til økonomiplan 2019-2022 kan handsamast på to måtar:

- I arbeidsdokument 2/18 den 2. mai 2018. Frist er 19. april 2018
- I saka til fylkestinget i juni 2018. Frist er 16. mai 2018.